

Øver-Jørstad (gnr. 167)

Øvst i Jørstadgrenda ligg så Øver-Jørstad. Garden finst nemnt i 1577, og namnet er da skrivi Øffre Jorstadt. Det Øver-Jørstad som der er omtala, hadde da ei landskyld på to huder og var krongods. I året 1594 finn ein namnet skrivi Jørstad, og brukaren på garden svara da den utlikna bygningskatten som for fullgardar med 60 sk. I skattelista for 1610 er namnet på alle Jørstadgardane skrivi Jordstad, og av dei 4 brukarane Tord, Ener, Tore og Carll var det visstnok Carll som var brukar på Øver-Jørstad.

Frå same året, altså i 1610, er det elles fortalt at alle Jørstadgardane og Dalsgardane var medeigarar i ei flomsag på Huse-skogen. Året etter er namnet på brukaren og garden skrivi Karll Joerstadt og i 1613 Karll Jørstad. Det er da vidare fortalt at den Jørstadgarden han brukte, hadde ei landskyld på 2 huder, og at garden låg til Michell Nilsen i Drammen, så Karl var altså leiglending under han. Ti år seinare var Karl framleis bygselbonde på Øver-Jørstad og betalde da ekstraskatten med 1 dalar som så mange bønder den gongen.

Ein ny eigar og truleg brukar på garden er derimot nemnt i 1624. Da er det fortalt at Brynild Jørstad var blant dei ”Jordeijendes Bønder” i Fåberg, og at ho åtte jordgods for ei ½ huds skyld i ”Øffre Jørstad”. I 1630 var det kvinnelege brukarar på to av Jørstadgardane. Det var Brynild på den eine og Marthe på ein annan. I denne tida ser det elles ut til at det var Nils Jørstad som brukte det Øver-Jørstad som Karl før hadde hatt. Men alt talar for at Brynild også da brukte eit anna Øver-Jørstad.

Tjuesju år seinare var i 1657 Siri Jørstad og Reier Jørstad visstnok brukarar på kvar sin gard Øvre Jørstad. Krøterhaldet hos Siri Jørstad var da 1 hest, 3 hopper, 16 storfe, 14 småfe og 2 griser, og hos Reier var buskapen 1 hest, 11 storfe og 10 småfe. Åtte år seinare er det opplyst at Reier eigentleg heitte Reier Lauritsen og var 60 år. Samtidig er det og fortalt at Øver-Jørstad i den tid var utlagt til ryttargard, og at den samla landskylda av Øver-Jørstad var 4 huder.

Frå 11 år seinare gir matrikkelen av 1668 fleire opplysningar om Øver-Jørstad. Den samla landskylda av garden vart da oppgitt til 3 huder og 1 ½ bpd. fisk. Av denne skylda låg 2 huder til det Øver-Jørstad som Anne Hågendr. i den tid åtte og brukte, men 1 hud 1 ½ pd. fisk låg til det Øver-Jørstad som Reier framleis brukte, og som også da var krongods. Om Øver-Jørstad under eitt er det i 1668 elles fortalt at enga, innmarka, var god, og at det kunne dyrkast meir. Det var skog nok til gards nytte og seter og sommarbeite til krøtera på Baksetra. Buskapen av store husdyr var til saman 4 hestar og 16 storfe, og korntienda vart utreidd med 3 ¼ td., som altså svara til ei årsavling på 32 ½ td.

Fyrst på 1700-talet kom den ætta til gards som skulle bli der i ei rekke av ættleder. Om dette fortel tingbøker, skifte og kyrkjebøker både mangt og mye:

Den 6. juni 1711 let Peder Jørstad lesa opp på tinget skjøtet sitt på garden Øvre Jørstad, som han hadde kjøpt av Oberstløytnant Reichwein i Trondheim. Fogden gjorde elles den merknaden ved skjøtet at Bache seter som var oppført i skjøtet, ikkje låg til garden, men var Kongens allmenning ”med mindre annet kan godtgjøres av gamle skjøter og brev”. Alt året etter vert det i 1712 tinglyst eit anna dokument om Øvre Jørstad: Korporeal Erik Pedersen let da lesa sitt skjøte på grd. Øver-Jørstad av skyld 4 huder, som altså var heile garden, og som han da hadde kjøpt av verfar sin Peder Pedersen. Fire år seinare let Erik Pedersen også tinglyse eit brev frå oberstløytnant Reichwein der han, oberstløytnanten, attesterer på at Peder Pedersen hadde kjøpt Øver-Jørstad i 1711. Etter atter eitt år kjøpte i 1717 verfaren Peder Pedersen att ein del av Øver-Jørstad, Øver-Jørstad med halvparten av Isaksæter av skyld 2 huder. Dermed var Øver-Jørstad altså delt att i to gardar.

Erik Pedersen som vi her har for oss, var født i 1684 og var gift med Ane Pedersdr. f. 1688. Dei hadde 4 born. Det var: a. Peder f. 1722, b. Ingrid gift med Ole Olsen Rustaden, c. Sessel gift med Ole Jevne, og d. Goro f. 1716 og gift med Gunder Larsen Runtom.

I 1723 gav foged Stenersen bevilling til Erik Pedersen Jørstad, Arne Dahlen, Mads Jørstad og Peder Midtjørstad til å flytte seterbola sine fra "Bak Sætter og Skioldbreen til Nysættersletten".

Same året kom matrikkeltilrådinga av 1723 med nye opplysningar om gardane. Om Øver-Jørstad er det der fortalt at garden ligg i sollia, og at jordarten er god, men garden er noko tungbrukt. Den samla matrikkelskylda på garden var da 3 huder 1 ½ bpd. fisk, og det var Erik Pedersen som åtte og brukte heile Øver-Jørstad. Det er vidare fortalt at garden hadde skog til brenneved og gjerdefang, seter med "mådelig havn" og utslåttar til 2 lass høy. Heile høyavlinga på garden var da 38 lass, og buskapen var 3 hestar, 2 føl, 19 storfe og 26 småfe. Utsæden av korn var 8 tdr. bygg og dessutan litt rug. Det er vidare opplyst at det til garden da låg ein husmannsplass med brukande jord til.

I år seinare er det opplyst at Erik Øver-Jørstad i 1732 lånte 400 dr. av bror sin Syver Prestrud; truleg skulle pengane brukast til nybygging eller/og restaurering av husa på garden. Skylda på Midt-Jørstad var da atter oppgitt til 4 huder, som fortel at 1 ½ bismarpund fisk vert rekna likeverdig med 1 hud. Etter atter 10 år gav Erik Øver-Jørstad obligasjon til Halvor Kval for lån av 300 rd. og til Lars Rindal for lån av 100 rd. mot pant i Øver-Jørstad. Pengane vart brukt til innbetaling av lånet til Syver Prestrud av 26. mars 1732.

I 1747 vart Erik Pedersen og kona hans Anne Pedersdr. samde om å skifte med borna og borneborna sine medan dei baa, foreldra, var i live. Ved dette skiftet vart garden Øver-Jørstad verdsett til 450 rd., og arvebuet utgjorde brutto 765 rd. og netto 284 rd. Av borna deres var Sessel, som hadde vore gift med Ole Jevne, da død, og det er fortalt at ho hadde 4 born etter seg: a. Kari, som var 14 år, b. Anne 12 år, c. Halvor 9 år og d. Beret 6 år. Så å seia samtidig med skiftet fekk eldste sonen, gardguten på Øver-Jørstad, Peder Eriksen skjøte på farsgarden for 450 rd. + føderåd til foreldra. I samband med overtakinga av garden lånte så Peder Eriksen 300 rd. av Syver Henningsen Schoug mot pant i Øver-Jørstad av skyld 3 huder 1 ½ bpd. fisk. Peder Eriksen som da spente i som brukar på Øver-Jørstad, var født 1722 og gifta seg i 1749 med Anne Eriksdr. Onsum. Dei fekk mange born, men sjå det kjem vi tilbake til seinare. – Fire år etter overtakinga av garden gav husbonden i 1751 bygselseddel til Engebret Amundsen på "en under hans gård øvre Jørstad til og underliggende husmannsplads Sveen kaldet mot årlig husleie 8 mælingers slått og 6 måls skur."

Peder Eriksen brukte Øver-Jørstad framleis i 1767. Det vart da slutta ei kontrakt mellom han og Anders på øvre Dal som eit teinlag i Laugen. Av denne kontrakta tek vi her med ei utskrift. Ho lyder slik:

"Kontrakt dat. og tinglest 7. oktober 1767.

Anders Christophersen øvre Dalen og Peder Eriksen øvre Jørstad er kommet i sådan forening at de har opbygget et Teen lags fiskeri Lougen Elv, Ull Teenlaget kaldet på grunden Øvre Dalen tilhørende, og derom forenet såleis: at Peder Øvre Jørstad eller hans arvingar skal av alle de bekostninger som ved dette forbenevnte Teenlag måtte årsage eller påkomme med arbeide på eller ved Teenlaget, Teiner og tilsyn svare og bekoste sin halve del, og Anders Dalen den anden del, hvori Peder øvre Jørstad eller hans efterkommere skal nyde og beholde til odell altid sin halve del, og øvre Dalens opsiddere den anden halvdel."

Sju år seinare var i 1774 den første kona til Peder Eriksen, Anne Eriksdr., død og det var arveskifte etter henne. Ved dette skiftet vart Øver-Jørstad av skyld 3 huder 1 ½ bpd. fisk taksert til 600 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1006 rd. og netto 975 rd. Arvingane i buet var forutan enkemannen Peder Eriksen dei 7 borna deira som framleis levde. Det var: 1. Erik

Pedersen, som da var 24 ½ år, b. Anne Pedersdtr. 21 år, c. Kristen 16 år, d. Ole 13 år, e. Tosten 4 år og f. Mari ½ år. Det er elles opplyst at arvelotten til enkemannen var på 300 rd., til kvar av sønene 50 rd. og til kvar av døtrene 25 rd.

Etter atter 3 år gav i 1777 Peder Eriksen skjøte til eldste son sin, Erik Pedersen på ”? Jørstad skyldende med bøxel og herlighet 4 huder så og ¼ i fiskevarpet Miøsholen samt hans halve del i Ultenlaget for sum 599 rd.” + føderåd til faren.

Peder Eriksen, som framleis var ein frisk og sterk kar, gifta seg i 1783 oppatt med Marit Olsdtr. Mælum. Same året gav han så av midlane sine 499 rd. til borna sine i ekteskapet med Anne Eriksdtr. Desse pengane skulle elles inntil vidare stå hos den eldste sonen Erik Pedersen eller hos etterkomande eigarar av Øver-Jørstad.

Erik Pedersen som da hadde overtatt Øver-Jørstad, var født i 1751, og vart i 1773 gift med Mari Andersdtr. visstnok frå øvre Dal. Dei fekk 5 born som levde opp, og som vi seinare skal koma tilbake til.

Av ei kvittering av 1791 går det fram at Peder Simensen da hadde lånt 250 rd. av Erik Øver-Jørstad mot 1. pr. pant i plassen Jørstadvolden av skyld 3 skinn. Av vegrotedelinga frå denne tid går det elles fram at Jørstadgardane, Mælum, Dalsgardane, Gurustad, Skinstakrud, Rustad, Huse og Husesletten alle hørde til i vegrote nr. 1 og hadde pliktarbeidet sitt på kongsvegen gjennom nordre Ål frå Kløvsteinen ved skiftet mellom Øyer og Fåberg og til ”mit for Brundloug hvor No. 1 er Pælet”.

Erik Pedersen Øver-Jørstad, som var født i 1751, vart alles ingen gamal mann. Han døde i 1792, og 15. mars 1794 var det avsluttande skifte etter han. Den økonomiske stoda på Øver-Jørstad var da sers god, og arvebuet utgjorde brutto 4348 rd. og netto 2121 rd. Arvingane i buet var forutan enka Mari Andersdtr. dei 5 borna i ekteskapet. Av desse var Kari Eriksdtr. da 16 år, Peder Erikson var 14 år, broren Anders var 11 år, broren Ole 5 år, og om søstera Berit Eriksdtr. er det opplyst at ho var født i 1773 og var gift med Ole Blegen. Av dei andre her nemnde borna vart Kari fyrst gift med Simen Syversen Prestrud og seinare som enke med Peder O. Simenrud. Broren Ole Eriksen Øver-Jørstad vart i 1819 gift med Ingrid Syversdtr. Rustaden.

Enka Mari Andersdtr. gifta seg oppatt med Holm Olsen på nordre Jørstad, og dei brukte Øver-Jørstad isaman til i 1798 da Holm Olsen Øver-Jørstad gav skjøte til verson sin Peder Eriksen f. 1780 på øvre Jørstad ”av skyld 3 huder 1 ½ bismerpund fisk for 798 rd. som er betalt såleis: kjøperen indfrir følgjende obligasjonar: en til Peder Eriksen av 14. april 1796 stor 599 rd. og en til Peder Pedersen og Iver Lysgård stor 199 rd. av 8 febr. 1798. Kjøperen blir pliktig til å svare de på gården heftende føderåd.” Dei merkelege lånesummane 599 rd. og 199 rd. heng sikkert saman med prisen på det stempla papir som obligasjonane skulle skrivast på.

Etter den siste handel med garden budde det ved folketellinga i 1801 sju familiar på og ved øvre Jørstad. Det var:

1. familie: 1. Peder Eriksen, husbonden, 21 år, 2. Ole Engebretsen, tenestkar, 26 år, 3. Kristen Olsen, tenestkar, 21 år, Kari Olsdtr. tenestkvinne, 15 år, 5. Berthe Hågensdtr., tenestkvinne, 14 år.
2. familie: 1. holm Olsen, føderådsmann, 31 år, 2. Mari Andersdtr., kona hans, 49 år., 3. Ole Eriksen, bror til husbonden, 13 år.
3. familie: 1. Peder Eriksen, føderådsmann, 79 år, 2. Mari Olsdtr., tenestkvinne, 64 år.
4. familie: 1. Peder Larsen, innerst utan jord, dagarbeidar, 27 år, 2. Berthe Fredriksdtr., kona hans, 21 år, 3. Lars Pedersen, son deres, 1 år.
5. familie: 1. Lars Haugen Kristensen, husmann med jord, 50 år, 2. Berthe Engebretsdtr., kona hans, 50 år. 3. Engebret Larsen, son deres, soldat, 27 år, 4. Anne Larsdtr., dotter deres, 15 år, 5. Martha Larsdtr., 15 år, dotter deres. 6. Ole Larsen, 1 år.

6. familie: 1. Peder Pedersen, husmann med jord, 36 år, 2. Marit Gulbrandsdtr. Kona hans, 27 år.
7. familie: 1. Kristen Engebretsen Bakken, husmann med jord, 71 år, 2. Ingebor Olsdtr. kona hans, 69 år, 3. Anne Engebretsdtr. syster til kona, 45 år, 4. Kirsti Madsdtr., innerst, går i dagarbeid, 6. Lars Olsen, son hennes, 5 år.

Husbonden Peder Eriksen, som var 21 år, gifta seg i 1801 med Marit Amundsdr. Hov, og dei fekk 3 søner og 2 døtre som levde opp. Det var: Erik født 1803, Amund f. 1805, Anne f. 1810, Marte f. 1812 og Kristen f. 1815, og som i 1946 vart gift med Eline Arnesdtr. nordre Berg. Farfar til brukaren i 1801, føderådsmannen Peder Eriksen døde i 1804. Han var da 82 år og var heilt til det siste ein velsituert mann. Ved skiftet etter han utgjorde arvebuet såleis brutto 944 rd. og netto 904 rd. Arvingane ved skiftet var borna og borneborna, og det er da opplyst at Mari Pedersdr. f. 1773 var gift med Kristen Arnesen Rustum truleg frå Nord-Fron. Same året, altså i 1804, og sikkert i samband med overtakinga av garden lånte så Peder Øver-Jørstad den store summen på 1199 rd. av Sr. Tosten Tømesen Jørstad mot 1. pr. pant i øvre Jørstad av skyld 3 huder 1 ½ bpd. fisk.

Peder Eriksen Øver-Jørstad var framleis brukar på garden i 1819, og om øvre Jørstad er det da opplyst at det framleis var ein gard med ei samla skyld på 3 huder 1 ½ bpd. fisk. Buskapen av store husdyr var 5 hestar og 26 storfe, og den årlege kornavlinga var ca. 100 tdr., så Øver-Jørstad var nærast for ein storgard å rekne. Frå same året, altså 1819, er det elles fortalt at Peder Eriksen Øvre Jørstad gav obl. til Norges Bank på 350 spd. mot pant i "Øvre Jørstad og sæteren Storsæteren". Frå året etter er elles eit føderådsbrev der Peder Eriksen sikrar kona si føderåd av Øver-Jørstad.

Frå 1821 tok Peder Eriksen til å selja frå av Øver-Jørstad. Den 5. juni same året selde han såleis til Kristian øvre Dal eit fisketeinlag, Ulteinlaget, som før er omtala, for 100 spd., og den 4. desbr. 1821 gav han skjøte til Kristian øvre Dal på det halve av "Storsæteren i Gausdal" for 100 spd. Vidare gav han så i 1829 skjøte til Johs. Hansen og Asbjørn Amundsen på Jørstad øvre for kjøpesum 1400 spd. + føderåd. Tri år seinare selde elles Johs. Hansen til Erik Svendsen Vedum halvdel av eit auredrivgarnsfiske som låg til øvre Jørstad, og året deretter gav i 1833 Asbjørn Jørstad skjøte til Tomas Jacobsen på nordre Jørstad også på halvdel av eit fiskeri som låg til Øver-Jørstad. Etter atter 5 år selde Asbjørn Jørstad også Baksetra med eit skogstykke til Nils Olsen Øfstedal for 60 spd.

I 1838 kom det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Om øvre Jørstad er det der fortalt at garden da var delt i 4 bruksnummer mellom Asbjørn Amundsen, Ole Hansen, Nils Øfstedal og Johannes Hanssen. Den samla matrikkelsskyld for garden var da omrekna til 14 skylddalar 4 ort.

Tjuesju år seinare var det i 1865 vorte 7 bruksnr. under Øver-Jørstad. Størst av desse bruka var Øver-Jørstad vestre med eit samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på 205 mål, og der H. Midtjørstad og H. Kråbøl var brukarar. Av jordbruksarealet er det elles opplyst at ca. 60 mål var jord av 1. klasse. På Øver-Jørstad som Ole brukte var derimot det tilsvarande jordbruksareal oppgitt til 71 mål og av det 23 mål i 1. klasse. Simen Olsen hadde eit bruk med eit jordbruksareal på kring 45 mål, og på bruket Volden som H. Sundgården hadde, var det tilsvarande jordbruksareal 40 mål. C. Heggen hadde skog under Øver-Jørstad.

Jordbrukstellinga av same året, altså 1865, gir dessutan fleire opplysningar om Øver-Jørstad i denne tid. Hos Ole P. Jørstad var da husdyrhaldet på sjølve garden 1 hest, 4 kyr, 5 sauer og 4 geiter, dertil var det på husmannsplassar som hørde garden til 2 kyr og 4 sauer til saman 1 hest, 6 kyr, 9 sauer og 4 geiter. Hos Johannes på Øver-Jørstad vestre med plassar var det tilsvarande tal 4 kyr, 9 sauer og 2 geiter. Dessutan hadde Simen Olsen 3 kyr, 6 sauer og 2 geiter. Korn og potetavlingane på gardane i den tid var og små.

Da den nye matrikkelen kom i 1886, og gardane fekk tildelt nye gardsnummer, bruksnummer og ny matrikkelskyld, fekk Jørstad øvre gardsnr. 167 og ei samla matrikkelskyld på 17,43 mark. Garden var elles alt da utparsellert i 9 bruksnummer: Gr.nr. 167, br.nr. 1 Jørstad øvre av skyld 3,51 mark tilhørde da Ole Pedersen Simenrud, br.nr. 2 Jørstad øvre av skyld 9,58 mark var det Amund Olsen Rydningen som hadde, og på br.nr. 5 Volden med Småvoldene og Mælefisket av skyld 2,18 mark var Karen Hansdtr. Sundgården eigar og brukar. Gr.nr. 167, br.nr. 3 Bakkesæteren (Sæter) tilhørde Simen Hansen, og br.nr. 4 Bakkesæteren (Skog) tilhørde Kristofer og Andreas Jørstad. Simen Olsen Åssveen åtte og brukte Haugenroa br.nr. 6, og br.nr. 7 Haugenroa nordre var det Peder Kristensen som hadde. Br.nr. 8 Skog tilhørde i den tid Kristian Paulsen Heggen, og br.nr. 9 Skog tilhørde Evn Iversen Rydningsmarken og Simen Aflund.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at Erik Olsen hadde overtatt gr.nr. 167 br.nr. 1 Jørstad øvre av skyld 3,51 mark, og Arne Andreassen og Andreas Jørstad hadde br.nr. 4 Bakkesæter skog. Br.nr. 5 Volden m/Småvoldene og Mælefisket var overtatt av Fredrik Haave, og br.nr. 8 Upheim av skyld 1,11 mark var overtatt av John Opsal.

I det kommunale manntal var Fåberg av 1907 er Simen Amundsen Jørstad, 74 år, og Erik Olsen Jørstad, 42 år, baa oppført som gardbrukarar på Øver-Jørstad, og Tollef Erstad, 64 år, var da eigar og brukar av Upheim. Den siste var som mange vil kjenne til, ein aktiv kristen og heldt religiøse møte omkring i heimane i Fåberg.

I 1909 hadde Simen Amundsen overtatt br.nr. 2 Jørstad øvre, men han selde garden i 1914 til fru Hulda Homb. Same året kjøpte og Erland Jørstad br.nr. 1 av Øver-Jørstad, og Tollef Erstad kjøpte br.nr. 13 Østjordet. Samtidig kjøpte og Even Larsen bruksnr. 14 Nystuen av skyld 0,45 mark.

I 1922 døde Erland Jørstad ved ei kjøreulykke, og enka Johanne Jørstad tok da over og brukte Øver-Jørstad i mange år saman med dei 10 orna sine. Ho kjøpte i 1923 br.nr. 15 Treangelen, og to år seinare kjøpte Kristian Iversen Bræin br.nr. 16 Småvoldene (eigentleg av bruksnr. 5.) Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 seksten bruksnummer under Øver-Jørstad. Det aller meste av den brukande jorda låg likevel framleis til desse 2 gardane: 1. gr.nr. 167 br.nr. 1 Øver-Jørstad østre med eit jordbruksareal av åker, eng og kulturbeite på til saman ca. 45 mål og med Torleif Dahl som eigar og brukar og 2. gr.nr. 167, br.nr. 2 Øver-Jørstad, vestre med Johanne Jørstad som eigar og brukar og med eit tilsvarande jordbruksareal av åker, eng og kulturbeite på ca. 70 mål. Vidare hadde da Ole T. Erstad gr.nr. 167, br.nr. 6 og 13 Upheim med eit jordbruksareal på ca. 35 mål, og Ivar E. Jørstad hadde br.nr. 14 Skogli med eit jordbruksareal på ca. 30 mål.